

---

**Fra:** Pål Kjetil Tufta <pkt@arkoconsult.no>  
**Sendt:** 18. mars 2020 15:31  
**Til:** Ingrid Raniseth  
**Emne:** SV: Vedr. politisk handsaming av oppstart av reguleringsplan  
**Vedlegg:** Planinitiativ Snekkevika 06.03.20.pdf

Heisann!

Vedlagt er planinitiativ for Snekkevika til dykkar gjennomgang.  
Berre ta kontakt dersom noko er uklårt eller bør utbetrast.

Med vennlig hilsen/Best Regards

**Pål Kjetil Tufta**  
**Faglig leder | Partner**

**Arkoconsult AS**  
Direkte: +47 99520416 | Felles: +47 56390003  
Fax: +47 56191130  
Epost: [pkt@arkoconsult.no](mailto:pkt@arkoconsult.no)

**Faktura sendes digitalt til:**  
[faktura@arkoconsult.no](mailto:faktura@arkoconsult.no)



**Hovedkontor - Valestrandsfossen:**  
**Arkoconsult AS**  
Postboks 103, HTB-bygget  
5291 Valestrandsfossen | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

**Avdelingskontor - Voss**  
**Arkoconsult AS**  
Strandavegen 2  
5705 Voss | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

 Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.

---

**Fra:** Ingrid Raniseth [<mailto:ingrid.raniseth@alver.kommune.no>]  
**Sendt:** 19. februar 2020 14:57  
**Til:** Pål Kjetil Tufta <[pkt@arkoconsult.no](mailto:pkt@arkoconsult.no)>  
**Emne:** SV: Vedr. politisk handsaming av oppstart av reguleringsplan

## **Om politisk handsaming av oppstart av reguleringsplan**

### Bakgrunn

Viser til e-post om Snekkvika og spørsmål om problemstillingar knytt til veg kan takast opp til politisk handsaming før ein går i gong med reguleringsplanprosessen. Snekkevika har tidlegare vore forsøkt regulert, men fekk avslag i kommunestyre 28.04.2015 med følgjande vedtak:

*Framlegg til reguleringsplan for Snekkevika hyttefelt, plan id. 12602011000500, vert ikkje godkjent. Grunngeving for vedtaket er at hytteområdet ikkje har tenleg tilkomst. Tilkomstveg ligg i LNFområde*

*og er i strid med arealføremål i overordna plan. Innspel i høyringsrunden viser også at plassering av tilkomstveg kan koma i konflikt med bruken av naustområdet og at det vil vera fare for uønskte hendingar med gjennomgangstrafikk i naustområdet.*

Per i dag ligg dei ein eldre reguleringsplan over området, vedtatt i 1985, som vert vidareført med supplering frå kommunedel for Radøy.

### Vurdering

Jf. pbl §12-8 og § 4 i forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering kan forslagstiller krevje å få uenighetspunkter framlagt for politisk utval/kommunestyre. Administrasjonen har ikkje fatta beslutning om å stoppe planinitiativet då det ikkje ligg føre, men ser at avklaring i høve veg er ein føresetnad for det komande planarbeidet. Ei tidleg avklaring vil også redusere unødvendig ressursbruk for alle parter.

For å belyse saka best mogleg må forslagstillar sende planinitiativ til kommunen. I initiativet er det viktig at ein får fram alle eventualitetar som vil vere i strid med kommunedelplan for Radøy (f.eks. byggegrense, formål, parkering, TU mm).

Alle forhold kring tilkomstvegen må belystas best mogleg og det må svare ut dei innvendingane som ligg i kommunestyrevedtaket frå 2015. Lyt ein utvide vegen må det beskrivas, påverknaden på naustområde må omtalas, antatt trafikkauke mm. Vi ber om at den tenkte vegløysinga/ane er illustrert.

Sidan plansaken allereie har vore gjennom ein prosess med negativt utfall i kommunestyre i Radøy, vurderer vi at planinitiativet truleg kan handsamas i planutvalet utan at vi gjennomfører oppstartsmøte i forkant. Det avgjer vi først når planinitiativet ligg føre. Positivt vedtak i kommunestyre vil gi klarsignal til forslagstiller om varsling og kunngjering av planoppstart. Oppstartsmøte må vere gjennomført før ein sender ut varsel om oppstart.

### Digitalt planinitiativ

Det ligg eit digitalt skjema på heimesida til Alver kommune, men vi ønskjer ikkje at dette vert brukt på noverande tidspunkt fordi det inneheld ein del feil og manglar som vi er i gong med å rydde opp. Eg har lagt ved Planinitiativ i word-format.

Ta kontakt om noko er uklårt.

Med helsing

**Ingrid Raniseth** | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 56 17 11 73

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** Pål Kjetil Tufta [<mailto:pkt@arkoconsult.no>]

**Sendt:** 8. januar 2020 09:37

**Til:** Ingrid Raniseth

**Emne:** Vedr. politisk handsaming av oppstart av reguleringsplan

Heisann!

Me har ei sak på Radøy som me lurar på om kan takast opp for politisk handsaming før me startar reguleringsarbeider. Vi har hatt ein del dialog med Rolf Raknes i denne saka tidlegare.

Saka gjeldt eit hytteområde som heiter Snekkevika som i dag har ein gammal reguleringsplan, heile området er avsett til eksisterande hytteområde i kommuneplanens arealdel. Det har vore forsøkt på ei regulering i 2014 som vart avslått politisk i forbindelse med endeleg godkjenning. Politikarane begrunna avslaget med at regulert veg (veg som er eksisterande) var i strid med LNF-føremål.

No er ein ny grunneigar på plass i området som ynskjer å fortette hytteområdet. Det har ikkje vore råd å få avtale om bruk av eksisterande veg for fleire hyttetomter.

I korte trekk dreier problematikken i området seg om bruk av tilkomstveg som båtlaget i området har opparbeidd og har vegrett til. Båtlaget har nekta nye vegrettar, slik at dette evt. må eksproprierast med bakgrunn i ny regulering.

Vårt spørsmål er om det er råd om å ta problemstillinga rundt vegen opp til politisk avklaring før ein startar reguleringsprosessen?

Med vennlig hilsen/Best Regards

**Pål Kjetil Tufta**  
**Faglig leder | Partner**

**Arkoconsult AS**

Direkte: +47 99520416 | Felles: +47 56390003

Fax: +47 56191130

Epost: [pkt@arkoconsult.no](mailto:pkt@arkoconsult.no)

**Faktura sendes digitalt til:**

[faktura@arkoconsult.no](mailto:faktura@arkoconsult.no)



**Hovedkontor - Valestrandsfossen:**

**Arkoconsult AS**

Postboks 103, HTB-bygget

5291 Valestrandsfossen | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)

**Avdelingskontor - Voss**

**Arkoconsult AS**

Strandavegen 2

5705 Voss | NORWAY | [www.arkoconsult.no](http://www.arkoconsult.no)



Vennligst tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten.